

Oppdragsgjevar: **Vestland fylkeskommune**

Oppdragsnr.: **5167707** Dokumentnr.: **R06**

Til: Sveio kommune

Frå: NO

Dato 2021-11-26

► Fv. 541 Krossleitet - Grimstveit: Avgrensa høyring - innkomne merknader

Avgrensa høyring

Etter at høyring av planforslaget var gjennomført november 2019-januar 2020, vart det gjort nokre endringar i reguleringsplanforslaget. Sveio kommune har på bakgrunn av innsende merknader til planforslaget, mellom anna komme fram til ei løysing som inneber å ta ut vegkryss som var vist mellom ny og dagens veg ca. midtvegs langs Åsevatnet, og heller regulere eit nytt vegkryss like sør for Maritjørna. Denne endringa blei sendt ut på ei avgrensa høyring til grunneigarar som vert råka av ei slik endring, i tillegg til Statsforvaltaren i Vestland. Materialet blei sendt ut den 25. september 2021, med merknadsfrist 17. oktober 2021. Det er motteke 2 merknader til endringa frå grunneigarar. Innspela er kort referert og kommentert under. Dei originale merknadane ligg som vedlegg til dette dokumentet og dekker dermed heile innhaldet.

Private innspel

1. Svein Hundsnes, Tjernagelvegen 161 (gnr/bnr 41/37), 13. oktober 2021

- *Avsendar meiner det er best for alle partar at søre kryss er ope, slik tidlegare planforslag viste. Dette vil vere rimelegare då ein sparer utgifter til stor snuplass. I tillegg kan ein ha nordre kryss, og skilte gjennomkøyring forbode.*
- *Ved stenging av søre kryss, påverkar ein søppelhenting, post, vintervedlikehold, utrykkingskøyretøy, omveg for privatbil, auka samla ferdsel/auka utslepp og redusert trafikktryggleik for gåande.*

Sveio kommunes kommentar:

- Etter at planforslaget var ute på høyring/offentleg ettersyn, har Sveio kommune på bakgrunn av innsende merknader, komme fram til ei løysing som inneber å ta ut søre vegkryss som var vist i planforslaget, og heller etablere nytt kryss like sør for Maritjørna. Då unngår ein tungtransport langs dagens veg forbi busetnaden langs Åsevatnet. Løysinga gir også auka tryggleik for gåande og syklende på strekinga sør for Nygård. På bakgrunn av mellom anna kostnader, er det vurdert som uaktuelt å etablere to kryss på strekinga. Det er eit generelt mål å redusere talet på kryss og avkøyrslar langs den nye veggen, då slike punkt gir auka risiko forulukker.
- Det er vist snuplass i søre enden av framtidig lokalveg. Vidare sørover endrar ein dagens veg til framtidig gang- og sykkelveg. Biltrafikk mellom eigedommar langs Åsevatnet og til/frå sør, får ein omveg. Samtidig viser planen eit godt tilbod for gåande og syklende inn mot sentrum. Samla sett vurderer ein at løysinga gir auka trafikktryggleik for gåande og syklende på strekinga.

2. Sigurd Henning Nygård, Nygårdsvegen 22 (gnr/bnr 46/1), 18. november 2021

- *Avsendar meiner at den endra løysinga er positiv for Nygård Tak AS. Løysinga må samtidig dekke behovet til gardsbruket med landbruksavkøyrsel mot aust som i dag, då avsender oppfattar at planen viser at dagens avkøyrsel vert fasa ut. Forslag til løysing ligg ved merknaden.*

- *Avsendar tilbyr også areal til deponering av massar, og slik sett kan prosjektet redusere transportbehovet når vegen skal byggast.*

Sveio kommunes kommentar:

- Planen viser landbruksavkøyrsl mot aust, tilsvarande både høyringsforslag frå hausten 2019 og justert plan som var på avgrensa høyring hausten 2021. Avkøyrsla er vist med punktssymbol *Avkøyrsl*, då ein ikkje viser geometrisk utforming av slike avkøyrslar i plankartet. Nøyaktig plassering og utforming av avkøyrsla vert avklara i byggeplanfasen.
- Handtering av massar i prosjektet vert vurdert nærare i byggeplanfasen.

Til Norconsult, Sveio Kommune, Vestland f.

Merknadshandsaming reguleringsplan fv. 541 Krossleitet – Grimstveit
Punkt 2, merknad 13

Først av alt: takk for arbeidet dere har gjort i denne saken.

Til merknad 13:

Vi mener det er enklere og bedre for alle parter at søndre tilknytning mellom ny og eksisterende veg er åpen. Det blir dessuten rimeligere, i og med at man sparer utgifter til en relativt stor snuplass for tyngre kjøretøy.

Det kan f.eks. settes opp et 'Gjennomkjøring forbudt»-skilt ved søndre innkjørsel til eksisterende veg, samt ett i søndre kant av dagens private innkjørsel til Nygård Tak.

Dermed vil all trafikk til/fra Nygård gå via nordre tilknytning, og all øvrige privattrafikk gå via eksisterende veg sørover.

Følgende punkt berøres ved stenging av eksisterende mulighet for inn- og utkjøring fra/til eksisterende veg; fremtidige søndre tilknytning:

- 1 Bosshenting
- 2 Postgang
- 3 Snørydding, salting, strøing
- 4 Privat omkjøring øker utslipp og støy
- 5 Større samlet ferdsel gir mindre sikkerhet for fotgjengere
- 6 Hensyn til utrykningskjøretøy til Tjernagelv. 150, 161, 166, 168, 170, 181

Dessuten: Privatkjøring til/fra Tjernagelv. 150, 161, 166, 168, 170, 181, og annen nødvendig kjøring som nevnt ovenfor, kommer mindre i konflikt med tungtransport til og fra Nygård Tak dersom mulighet for ut/innkjørsel i sør opprettholdes.

Vi står selvsagt til disposisjon dersom noe av dette skulle være uklart.

Vennlig hilsen

Svein Hundsnes
Tjernagelv.161
5550 Sveio
tlf 48102026

Høyringsvar – detaljregulering Fv541 Grimstveit-Sveio

Viser til brev om endring av detaljregulering Fv541 Grimstveit-Sveio.

Underteikna er grunneigar av bl.a. gnr 41 bnr 6, på begge sider av noverande Fv541, samt eigar av verksemda Nygård Tak AS.

Den skisserte endringa er positiv for Nygård Tak AS, og relatert trafikk, men endringa må samstundes ivareta noverande og framtidige behov for gardsbruket 41/6. Slik den viste løysinga med o_SKV i nord framgår i vedlegg 2 datert 16.09.2021, vil den fase ut noverande landbruksavkøyrsløysing for austsida av 41/6.

Planane må difor reviderast slik at noverande avkøyrsløysing mot aust vert innarbeidd, som del av kryssløysing. I tråd med krava og behova i moderne landbruk må avkøyrsløysing verte dimensjonert for tyngre køyrety/landbruksmaskiner. **Vedlagt** ligg forslag til løysing.

Samstundes vil eg kunne tilby areal for deponering av massar på her, så lenge massane vert levert grovplanert på staden. Entreprenør vil då ha eit nærliggande depot med spart massetransport, belastning av lokalt vegnett og reduserte klimautslepp.


Med helsing

Sigurd Henning Nygård

Vedlegg: Revidert endringsforslag med avkøyrsløysing mot aust.

Vedlegg 2. Kartutsnittet viser ny endring i planforslaget.

Eksist. avkøyrsløse





Oskar Emil Lie

Tjernagelvegen 150

5550 SVEIO

Dato: 25.09.2021

Dokumentnummer: 16/328-92

Dykkar referanse:

Saksbehandlar: Ilona Nowak

AVGRENSA HØYRING - DETALJREGULERING AV FYLKESVEGEN FV541 GRIMSTVEIT - SVEIO

Sveio kommune ynskjer å opplysa at planprosessen av reguleringsplanforslaget for Fv541 Grimstveit- Sveio er framleis ein pågåande sak. Etter at offentleg ettersyn av planen var gjennomført, vart det gjort endringar i reguleringsplanforslaget for Fv 541 Grimstveit – Sveio. Vi gjer merksam på at den reviderte planen er eit utkast som de har høve til å uttala dykk om.

Som grunneigar av gnr. 41 bnr. 33, er de berørt part i denne saka og derfor mottar dette høyringsbrevet, her vi opplyser om kva endringar som er gjort og fortel kva dei inneber. Etter høyring vil eventuelle merknader vurderast, før det endelege planforslaget skal sendast vidare til politisk vedtak. Kommunen opnar såleis til å komma med merknader til den endringa av reguleringsplanen, som er omtalt i dette brevet. Ein får altså ikkje høva til å koma med merknader til andre forhold enn dei som gjeld denne konkrete saka.

Merknadene må leverast skriftleg til postmottak@sveio.kommune.no

Høyringsfristen for innsending av merknader er satt til over 3 veker, altså til **17.oktober**.

Skildring av endringa i planen

Kommunen har på bakgrunn av innsende merknader til planforslaget, komme fram til ei løysing som inneber å stenga køyrekrysset som visast nedst på kartutsnitta (sjå vedlegg) Dette er vist på vedlagte utsnitt av plankartet. Som de kan sjå, kan ein då leggja til rette for betre trafikktryggleik for mjuke trafikantar når dei går/ sykklar på vegen. Ein vil til gjengjeld for stenging av krysset i område som er vist nedst på kartutsnittet, etablere eit nytt kryss (ringa inn) som de kan sjå øvst på kartutsnitta (sjå vedlegg).

I dag går vegtrafikken tett forbi bustadane og det er ikkje lagt til rette for trygg trafikk til sentrum av Sveio, særleg for mjuka trafikantar. Såleis utgjør tungtrafikken, som går gjennom området, potensiale for farlege trafikksituasjonar. Som resultat av endringa vil køyreavstanden for dei som skal køyre sørover bli lengre, men for dei som skal nordover vil vegen bli kortare.

Konsekvensane for gnr. 41 bnr. 33

Endringa inneber i praksis at kjøreavstanden via den nye nordre avkøyringa vil vera ca. 1 400 m lengre enn den er i dag, via søre avkøyringsvegen.

Gjennom å utelata vegkryss i sør vil eksisterande veg langs Åsevatnet vera meir trafikksikker for mjuke trafikantar. Vege vil fortsett vera køyreveg, men berre for dei bustadene som grensar til vegen. På den måten vil biltrafikken væra sær s avgrensa og det vil ikkje vera tungtrafikk på strekninga.

Ta kontakt dersom de har spørsmål eller ynskjer eit møte om endringa i reguleringsplanforslaget. Kontaktpersoner er underteikna rådgjevar, Ilona Nowak og konsulent, Lars Roald Kringeland:

Lars Roald Kringeland
Prosjektleder / rådgiver samferdsel
Mob: +47 45 40 47 16 | lars.roald.kringeland@norconsult.com

Med vennleg helsing

Ilona Nowak
Rådgjevar arealplanlegging
Telefon: 53 74 80 57
Mobil: 469 46 539
E-post: ilona.nowak@sveio.kommune.no



Sveio kommune

Telefon sentralbord: 53 74 80 00
www.sveio.kommune.no
postmottak@sveio.kommune.no

Dokumentet er godkjent elektronisk.

Mottakar:

Oskar Emil Lie

Tjernagelvegen 150

SVEIO

Kopi til:

Lars Roald Kringeland

Vedlegg:

Vedlegg 1. Kartutsnitt av plankartet sendt ut til offentlig ettersyn (UTGÅR)

Vedlegg:

Vedlegg 2. Kartutsnitt viser ny endring i planforslaget

KOPI

Firma Nygård Tak AS -
Her kjem tungtrafikken
frå.



Vedlegg 2. Kartutsnittet viser ny endring i planforslaget.



16.09.2021
Målestokk 1:3500